



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Akershus fylkeskommune  
Postboks 1200 Sentrum  
0107 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

15/5664-1

Dato

14.01.2016

**Statsbudsjettet 2016 Kap. 551, post 60 Tilskot til Akershus fylkeskommune for regional utvikling – Oppdragsbrev - Ramma er fastsett til 15,06 mill. kroner.**

Tilsegn nr.: 503000

## 1 Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2015–2016). Departementet følgjer opp Stortingets budsjettvedtak for 2016 av 12. desember 2015 gjennom dette oppdragsbrevet. Løyvinga over kap. 551, post 60 *Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling* for budsjettåret 2016 fordeles og stilles til disposisjon for den enkelte fylkeskommune.

## 2 Ramme

Løyvinga på posten er på 1 157 mill. kroner. Innanfor ramma er det sett av 46 mill. kroner til Innovasjon Noreg for å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for ordninger som blir finansierte på posten. Departementet har sett av 82,5 mill. kroner til omstilling og 71,3 mill. kroner til grenseregionalt samarbeid Interreg VA og ENI (Kolarctic). Sjå punkt 4.1 og 4.2 for nærmere omtale. For 2016 er det satt av 10 mill. kroner til *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda*. Løyvinga på posten inkluderer i 2016 15 mill. kroner i ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Lierne kommune i Nord-Trøndelag.

**Ramma til Akershus fylkeskommune er fastsett til 15,06 mill. kroner.**

---

Postadresse

NO-  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse

<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon\*

22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Sakshandsamar  
Grethe Lunde

Ei oversikt over fordelinga av midlane til dei enkelte fylkeskommunane og Oslo kommune er å finne i vedlegg 1.

### **3 Overordna regional- og distriktpolitiske mål og strategiar**

Måla i regional- og distriktpolitikken er å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret, ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for størst mogleg nasjonal verdiskaping, sikre likeverdige levekår og gje alle reell fridom til å busetje seg der dei vil.

Departementet har eit særleg ansvar for å bidra til å utløyse verdiskapingspotensialet i område med geografiske og demografiske utfordringar når det gjeld vekst og utvikling.

Regjeringa vil leggje grunnlaget for å styrke vekstkrafta og sikre gode levekår i alle delar av landet. Regjeringa fornyar regionalpolitikken gjennom ei brei tilnærming og prioriterer dei generelle rammevilkåra for næringslivet og ei utvikling av samspelet mellom byar og regionar.

I Prop. 1 S (2015–2016) *Kommunal og moderniseringsdepartementet* er måla for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk presentert, sjå òg vedlegg 3 til dette brevet.

### **4 Oppdrag til fylkeskommunane**

Fylkeskommunane har som oppgåve å vere regionale utviklingsaktørar. I dette ligg det å setje mål og strategiar for verdiskaping og regional utvikling. Utfordringane og moglegheitene varierer, og fylkeskommunane prioriterer innsatsen ut i frå sine regionale mål og strategiar innanfor nasjonale føringer. Vidare ligg det i rolla å mobilisere og sjå ulike fagområde i samanheng. Det er spesielt viktig at fylkeskommunane, for å nå nasjonale og regionale mål, ser sine eigne ansvarsområde med verdi for regional utvikling i samanheng. Når fylkeskommunen gjev oppdrag til verkemiddelapparatet, er det med sikte på å realisere dei strategiar og nå dei mål som fylkeskommunane har satt.

Departementet legg vekt på at fylkeskommunane, kommunane og andre regionale aktørar samarbeider aktivt for å målrette utviklingstiltak, og at desse tiltaka bygger på kommunale og fylkeskommunale planprosessar og planar.

Tilgang på arbeidskraft med relevant kompetanse i heile landet er ein nødvendig føresetnad for konkurransekraft og verdiskaping. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil saman med fylkeskommunane klarleggje om det er utfordringar knytte til det regionale samarbeidet om kompetanseplanlegging og -tiltak, og korleis utfordringane kan følgjast opp.

## **4.1 Bruk av midlane**

Fylkeskommunane har eit distrikts- og regionalpolitisk oppdrag jf. Meld. St. 13 (2012–2013) *Ta heile Noreg i bruk*. Midlane på posten skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Innanfor det distriktpolitiske oppdraget kan fylkeskommunane mellom anna finansiere tilskot, lån med vidare, til næringslivet gjennom Innovasjon Noreg.

Fylkeskommunane har òg eit regionalpolitisk oppdrag. Nokre av midlane kan difor nyttast utanfor verkeområdet for å utløyse det regionale verdiskapingspotensialet og utvikle attraktive regionar og senter for folk og næringsliv i heile landet. Det er òg ein del av det regionalpolitiske oppdraget å ta initiativ til samarbeid mellom sektorinnsatsar og eigne innsatsar.

Fylkeskommunane skal prioritere bruken av dei regionale utviklingsmidlane i forpliktande partnarskapar med næringslivet og andre aktørar lokalt og regionalt. Bruken av midlane skal vere i samsvar med mål og prioriteringar i dei regionale utviklingsstrategiane innanfor nasjonale føringar. Nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioritertast.

Departementet ber fylkeskommunane leggje vekt på kvalitet på prosjekt som det blir innvilga støtte til. Av dei bedriftsretta midlane har departementet eit mål om at minst 40 pst. skal nå fram til kvinner.

## **4.2 Gjennomføringskostnader i Innovasjon Noreg**

Fylkeskommunane skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag som dei gjev til Innovasjon Noreg (IN). Etter avtale med KS og IN blir midlane overførte direkte frå departementet til IN.

For 2016 stiller departementet 46 mill. kroner til disposisjon for IN på post 60 på vegner av fylkeskommunane. Basiskostnadene til IN blir dekte på kap. 2421, post 70 under Nærings- og fiskeridepartementet.

## **4.3 Skjønstildelingane**

### *Regional omstilling*

I 2016 er det etter skjøn sett av 82,5 mill. kroner til omstilling. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om særlege omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn, og ei vurdering av både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov.

Omstillingsmidlane til den enkelte fylkeskommune er ikkje øyremerkte til føremålet og kan difor omprioriterast dersom fylkeskommunen ønskjer det. Av ramma på 82,5 mill. kroner er det sett av 20 mill. kroner for å møte utfordringane som følgjer av endringane i petroleumsnæringa på Sør- og Vestlandet. Hordaland fylkeskommune skal forvalte midlane, og midlane skal nyttast på tvers av fylkesgrensene. Desse midlane kan ikkje omprioriterast til andre føremål. Ei oversikt over fylkeskommunar som får tildelt midlar til omstilling, er å finne i vedlegg 1.

Innovasjon Noreg vil òg i 2016 få midlar til omstillingsarbeid på kap. 552, post 72 *Nasjonale tiltak for regional utvikling*. Midlane skal sikre at selskapet kan vere eit nasjonalt kompetanseorgan for fylkeskommunane og kommunane på omstilling. Løyvinga skal òg dekkje gjennomføringskostnader.

*Grenseregionalt samarbeid Interreg VA og EUs naboskapsprogram (ENI) Kolarctic* I 2016 er det sett av 71,3 mill. kroner til fylkeskommunane til den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i Interreg VA og Kolarctic.

I 2014 starta ein ny sjuårsperiode for Interreg. For 2016 legg departementet til grunn at fordelinga av Interreg-midlane mellom fylkeskommunane blir den same som i 2015, jf. vedlegg 2. Midlane til det enkelte programmet/delprogrammet vil bli overførte til dei fylka som er sekretariat. Dette betyr at utbetalt ramme vil avvike frå tildelt ramme, vist i vedlegg 1. Ei oversikt over fylkeskommunane og sekretariata som deltek, er å finne i vedlegg 2.

Departementet har meldt støtte frå programkategori 13.50 til små og mellomstore bedrifter som deltek i Interreg-prosjekt til ESA, etter reglane for det generelle gruppeunntaket for offentleg støtte (General Block Exception Regulation – GBER). Dette gjeld òg kap. 551, post 60, for støtte som er gitte frå fylkeskommunane innanfor Interreg VA. Dersom sekretariata gir støtte til små og mellomstore bedrifter for å delta i Interreg-program, er det krav til kva for aktivitetar som kan få støtte. Sekretariata har ansvar for å følgje opp kravet om særskild rapportering og offentliggjering av støtta. Departementet vil informere nærmare om dette i eit eige skriv.

#### *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda*

I 2016 er det sett av 10 mill. kroner til nettverksbygging, auka kompetanse og innovasjon i fjellområda. Midlane skal nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane. Oppland fylkeskommune har det overordna ansvaret for forvaltninga av midlane. Desse midlane kan ikkje omprioriterast til andre føremål.

#### **4.4 Andre løyvingar under programkategori 13.50 som fylkeskommunen forvaltar**

Nokre fylkeskommunar får løyving på kap. 551, post 61 *Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift*. Løyvinga for 2016 er på 225,3 mill. kroner. Dei fylkeskommunane som får løyving på posten vil få eit eige tildelingsbrev i løpet av første kvartal 2016, når den fylkesvise fordelinga av posten er klar.

Departementet legg til grunn at næringslivet aktivt blir trekt inn i arbeidet med korleis midlane skal nyttast. I Stortingets vedtak om statsbudsjettet for 2016 er det bestemt at ordninga skal avviklast etter 2018, etter å ha vart i 15 år. Vi viser elles til omtalen i Prop. 1 S (2015–2016) *Kommunal og moderniseringsdepartementet* og Innst. 16 S (2015–2016). Føringane i dette brevet gjeld og for brev om tildelingar på post 61.

## **5 Nasjonale verkemiddelaktørar og andre løyvingar under Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

Under dette punktet har departementet lista informasjon om program og aktørar som er knytt til programkategori 13.50 som vi meiner er relevante for fylkeskommunane. Dette fordi fylkeskommunane har ei rolle i å støtte opp om arbeidet på andre område, og tildelar midlar til ei rekke tiltak og program saman med departementet.

### **5.1 Fylkeskommunane sitt samarbeid med anna verkemiddelapparat**

#### *Innovasjon Noreg*

Innovasjon Noreg er i kontinuerleg dialog med næringslivet i regionane. Dei skal gje råd til fylkeskommunane i arbeidet deira med å setje mål og leggje strategiar for utviklinga av næringslivet i fylket. Fylkeskommunen gjev oppdrag til Innovasjon Noreg som ein del av arbeidet med å realisere slike strategiar.

Med omsyn til planlegging av aktivitet i Innovasjon Noreg **skal** fylkeskommunane fastsetje ramma så raskt som mogleg og sende oppdragsbreva før 1. mars. Dersom det ikkje lèt seg gjere, skal fylkeskommunane underrette Innovasjon Noreg om når oppdragsbrevet vil kome.

For å realisere ambisjonane om å forenkle, slik det er beskrive i Meld. St. 22 (2011–2012) *Verktøy for vekst – Innovasjon Norge og SIVA SF*, er det viktig at oppdraget er tilpassa målstrukturen til selskapet. Oxford Research har utarbeidd ein mal for korleis oppdragsbreva frå fylkeskommunane kan sjå ut.<sup>1</sup> I tråd med oppsummeringa frå Samarbeidsforum for Innovasjon Noreg 27. november 2013 ber vi om at denne malen blir lagd til grunn for oppdragsbreva.

#### *Siva*

Siva initierer og støttar næringshagar og inkubatorar i heile landet. Når fylkeskommunane gir støtte direkte til næringshagar, inkubatorar eller kunnskapsparkar, som er del av Siva sitt næringshage- eller inkubatorprogram, treng fylkeskommunane ikkje å melde denne støtta til ESA. Det er ein føresetnad at fylkeskommunane sender kopi av tilskotsbrevet til kvar einskild næringshage/inkubator/kunnskapspark til Siva, slik at Siva kan rapportere inn støtta til ESA på vegner av fylkeskommunane. Frist for å sende kopi av tilskotsbrev til Siva er 1. desember 2016 til [firmapost@siva.no](mailto:firmapost@siva.no). Dersom fylkeskommunane gir støtte til næringshagar, inkubatorar eller kunnskapsparkar som ikkje er del av Siva sine program, må fylkeskommunane sjølv vurdere om støtta blir omfatta av reglane for offentleg støtte, og følgje opp med naudsynte tiltak i forhold til ESA.

#### *Noregs forskingsråd (Forskningsrådet)*

Forskningsrådet koplar næringslivet i fylka med forskingsmiljø og finansierer forskningsprosjekt. Fylkeskommunen finansierer mobiliseringsprosjekt og

---

<sup>1</sup> [Forenklet styring av Innovasjon Norges distriktskontorer](#)

forskningsprosjekt i tråd med strategiane for utvikling av fylket. Forskningsrådet støttar fylkeskommunen i dette arbeidet.

## **5.2 Andre løyingar under Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

### *Utviklingsprogrammet for byregionar*

Programmet skal medverke til å styrke vekstkrafta for byregionane som er med i programmet, og auke kunnkapen om det økonomiske samspelet mellom by og omland. Fase 2 av programmet starta opp hausten 2015 med 37 byregionar og 216 kommunar. Arbeidet i byregionane bør sjåast i samanheng med arbeidet for regional utvikling i regi av fylkeskommunane som regional utviklingsaktør. Vi oppmodar difor fylkeskommunane om å medverke til god samordning mellom arbeid i programmet og anna utviklingsarbeid i fylket, og til å gje fagleg støtte til arbeidet innanfor ramma av arbeidet med regional utvikling.

### *Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktscenteret)*

I 2016 skal Distriktscenteret etablere og drive faglege nettverk for kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar om lokalt utviklingsarbeid. I tillegg skal Distriktscenteret framleis drive det nasjonale læringsnettverket i *Utviklingsprogrammet for byregionar* og vere eit ressurscenter for kommunesamanslåingar. Lokal samfunnsutvikling vil vere ei viktig oppgåve i 2016. Distriktscenteret skal vere eit knutepunkt for kunnaksutvikling og formidling om lokal samfunnsutvikling i brei forstand.

Vi oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide med Distriktscenteret, mellom anna på området lokal samfunnsutvikling.

## **6 Økonomiforvaltning**

### **6.1 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler og retningslinjer**

Fylkeskommunane har ansvar for at forvaltninga og bruken av verkemidla skjer i tråd med *forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler* av 1. januar 2014 og retningslinjer for kap. 551, postane 60 og 61 (jf. vedlegg 6 og 7). Vi ber om at fylkeskommunane gjer forskrifa og retningslinjene kjende for alle tilskotsforvaltarane på kap. 551, post 60 og 61.

Alle tilskotsforvaltarar skal gjere ei konkret vurdering av om reglane om offentleg støtte kjem til bruk på tilskotet, før dei gjer vedtak om tildeling. Gruppeunntaket, som inneheld ei liste over tiltak som er godkjende på førehand av ESA, er no omsett til norsk, sjå Nærings- og fiskeridepartementet sine nettsider.

Regelverket om offentleg støtte har nyleg blitt revidert i EU/EØS. Noreg er etter dei nye reglane forplikta til å innføre eit register for offentleg støtte innan 1. juli 2016.<sup>2</sup> Eit

---

<sup>2</sup>Jf. brev datert 1. juli.2015 om endringar i lov 27. november 1992 nr. 117 om offentleg støtte.

slikt nasjonalt register er planlagt etablert første halvår 2016 i regi av Brønnøysund-registra. Fylkeskommunane, eller andre som forvaltar midlar på kap. 551, post 60, må registrere bedriftsretta støtte i det nye registeret, når det er oppretta, etter gjeldande reglar. Kravet gjeld støtte på 500 000 euro eller meir. Det vil også bli høve til å registrere støtte under 500 000 euro.

## **6.2 Regionalforvaltning.no**

Alle tilskotsordningar må kunngjerast på regionalforvaltning.no, og søkerar må nytte nettstaden for å sende inn søknader. Alle forvaltarane skal rapportere om bruken av midlane på kap. 551, postane 60 og 61 gjennom regionalforvaltning.no. Departementet oppmodar alle fylkeskommunane om å ta i bruk modulen for sakshandsaming i regionalforvaltning.no. Det vil gje større utbytte av systemet og ei meir effektiv sakshandsaming.

Fylkeskommunane har ansvar for å sjå til at alle forvaltarar bruker regionalforvaltning.no. Fylkeskommunane skal yte bistand til kommunar, regionråd og andre forvaltarar i bruk av regionalforvaltning.no og sørge for god kvalitet i rapporteringa til departementet.

Departementet ønsker at alle fylkeskommunane skal ha god fagleg kompetanse om dei ulike modulane over tid. Difor ønsker departementet at alle fylkeskommunar til alle tider skal ha ein fagansvarleg, som både departementet og brukarane kan ha som kontaktperson. Vi ber om at fylkeskommunane peiker ut ein fagansvarleg innan 1. februar 2016 til [jo-egil.aalerud@kmd.dep.no](mailto:jo-egil.aalerud@kmd.dep.no).

## **6.3 Når fylkeskommunane delegerer forvaltninga til andre**

Fylkeskommunen kan delegere tilskotsforvaltninga til andre tilskotsforvaltarar, jf. forskrifta § 4. Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er vedteken, skal fylkeskommunane utarbeide eit oppdragsbrev eller ein avtale/kontrakt i samsvar med retningslinjene kap. 3 Delegering av forvaltninga.

## **6.4 Overføring av midlar**

Midlane til fylkeskommunane blir overførte tre gonger i året: 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2015 viss ikkje fylkeskommunane gjev beskjed om noko anna.

## **6.5 Kontroll**

Riksrevisjonen og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har høve til å kontrollere at midlane blir forvalta og brukte i tråd med dette oppdragsbrevet, *forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler* og retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61.

## **7 Rapportering, evaluering og fristar**

Departementet gjev skriftleg tilbakemelding på rapporteringa frå fylkeskommunane.

## **7.1 Rapportering på tilsegner og rammer som blei gjevne for 2015**

Fylkeskommunar, kommunar, regionråd og eventuelle andre forvaltningsorgan skal rapportere om bruken av midlane frå kap. 551, postane 60 og 61 gjennom regionalforvaltning.no. Vedlegg 4a er ei rettleiing om bruken av kategoriane i rapporteringa.

På bakgrunn av rapporteringa lagar departementet oversikter til dømes over kva mål midlane blir brukte under, og kvar midlane blir brukte. Oversiktene blir samla i ein aktivitetsrapport som blir publisert på regjeringen.no.

## **7.2 Beskrivande rapportering for budsjettåret 2015**

Rapporteringskrava for den beskrivende rapporteringa er presenterte i vedlegg 4b. Malen blei justert i 2014 for å klarleggje kva slags informasjon departementet har bruk for. Frå og med budsjettåret 2015 skal alle fylkeskommunane bruke den nye malen. Fylkeskommunane skal òg omtale evalueringar av dei regionale utviklingsmidlane.

## **7.3 Rapportering om planlagd bruk for 2016**

Fylkeskommunane skal innan 15. juni 2016 rapportere om den planlagde bruken av midlane for 2016 i regionalforvaltning.no. Dette er ein del av rapporteringa til Stortinget. Midlane skal registrerast som "bevigning" på forvaltar ("KMD-forvalter"):

Fylkeskommune, kommuner, regionråd, Innovasjon Norge eller andre) og type midlar ("KMD-midler": Regional utvikling, næringsfond, omstilling og Interreg). For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvar for å registrere midlane i regionalforvaltning.no.

## **7.4 Fristar i 2016**

1. februar	Frist for innsending av rapport for 2015 i regionalforvaltning.no
1. februar	Frist for å peike ut ein fagansvarleg for regionalforvaltning.no
1. mars	Frist for å sende oppdragsbrev til Innovasjon Noreg
21. mars	Frist for beskrivande årsrapport for 2015
9. mai	Frist for rapportering av transportstøtte for 2015
15. juni	Frist for rapportering om planlagd bruk av midlar for 2016
15. august	Frist for innspeil om omstillingsbehov i 2017
1. desember	Frist for å sende kopi av tilskotsbrev til Siva

## **8 Avslutning**

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnarskapen om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnarskapen lykke til med utviklingsarbeidet i 2016.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)

Grethe Lunde

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*

**VEDLEGG**

Vedlegg 1 Statsbudsjettet 2016: Fordeling av kap. 551, post 60 (tabell)

Vedlegg 2 Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg VA og ENI  
(Kolarctic)

Vedlegg 3 Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk 2016

Vedlegg 4a Krav og veileder til statistikkrapportering for kap. 551, postene 60 og 61

Vedlegg 4b Krav til beskrivende årsrapport til KMD for midlene over kap. 551, postene  
60 og 61

Vedlegg 5 Fordeling av løyving på programkategori 13.50 2016

Vedlegg 6 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler

Vedlegg 7 Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel

Kopi til:

Kulturdepartementet	Postboks 8030 Dep	0030	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Innovasjon Norge	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Hovedkontoret			
Akershus og Østfold	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge Oslo			
Norges forskningsråd	Postboks 564	1327	LYSAKER
SIVA - Selskapet for industriekst SF	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Distriktsenteret	Ogndalsvegen 2	7713	STEINKJER
Sametinget	Ávjobárgeaidnu 50	9730	KARASJOK